



BYGLAND KOMMUNE

Sentrum 18
4745 BYGLAND

Dato: 04.07.2022
Vår ref: 22/09450-6
Dykkar ref: 2018/74-154
Saksbeh.: Ingunn Dahlseng Håkonsen

**Bygland kommune – Mellombels fråsegn til 2. gongs offentleg ettersyn av
områderegulering for Ose bygdesenter**

Viser til oversending frå 8.4.2022. Fylkeskommunen har fått utsett frist til 6.juli. Årsaka er
behandling av automatisk freda kulturminne.

Bakgrunn

Planen skal leggja tilrette for etablera ei ny bru for Ose, eit nytt kommunalt reinseanlegg og for
nærings- og kulturinteresser. I tillegg skal planen gi god trafikal avvikling, spesielt for mjuke
trafikantar.

Ose sentrum er ikkje regulert, men i kommuneplanen (2011-2022) er området avsett til
tenesteyting, næringsbygningar, framtidig bustadområde LNF, og LNFR med spreidd
bustadbygging og dessutan framtidig småbåthamn. Ose sentrum har og omsynssone bevaring
kulturmiljø.

Gjeldande overordna plan for austre del av planområdet er kommunedelplan for strandsona,
delområde 16 (2015). Reguleringsplan for industriområde blir ført vidare i områdeplanen.

Planen har vore på første gong høyringa i februar- mars 2019, og i ettertid har det vore fleire
behandlingar i planutvalet til kommunen.

Agder fylkeskommune har følgjande uttale

Vi har innspel på klima- og miljø, konsekvensutreiing, samferdsel og kulturminne.

Klima og miljø

Fylkeskommunedirektøren har tidlegare gitt innspel om klima og miljø, og ber om at kommunen
mellan anna vurderer kva for konsekvensar ei næringsutvikling på Auestadneset vil ha for
trafikk, forureining og klimagassutslepp. Sjølv om reguleringsplanen blir vidareført i denne
planen, hadde fylkeskommunedirektøren ynskje om at kommunen ville gjera nokre vurderingar i
planen. Me oppmodar om at dette blir eit tema kommunen tek vidare. Dette vil ha ein
samanheng med avsnittet vidare under konsekvensutgreiing.

Konsekvensutgreiing

Fylkeskommunedirektøren viser til innspel dagset 10.2.2017 ved oppstart. I brevet etterlyste me
vurderingar om aktuelle arealdisponeringar utløyste krav om konsekvensutgreiing, omsynet til
strandsonen mm.

Besøksadresse:
Tordenskjolds gate 65 4614
KRISTIANSAND S

Postadresse:
Postboks 788 Stoa, 4809 Arendal

Telefon:
+47 38 05 00 00

E-post:
postmottak@agderfk.no

Org.nr.:
921 707 134

Nettstad:
www.agderfk.no

Ved høyring fyste gong hadde Bygland kommune gjort ein vurdering og konkludert at planen ikkje utløyste krav om konsekvensutreiing. Ved høyringa til andre gong er det gjort endringar av arealdisponeringa, på land og i sjø. Dette gjeld områda BAA1 og BAA2 som tillèt kombinert formål bustad-/fritidsbustad/næring. Dette er store endringar i arealdisponeringar frå LNF og i strid med eigen kommunedelplan. I det oversende dokument kan me ikkje sjå at det er gjort vurderingar tilknyttet slike arealdisponeringar eller vurderingar tilknyttet konsekvens eller at dei er omtala i planomtala. Slike endringar kan ha betydeleg verknad på samfunn og miljø, i tillegg er tiltaka ikkje avklart gjennom overordna plan. I følgje forskrift om konsekvensutgreiing utløysar slike endringar krav om konsekvensutgreiing, jf. § 6 a.

Fylkeskommunedirektøren meiner det i tillegg er uheldig at ein ikkje har vurdert konsekvens ved fleir småbåthamn, SMF1-7. Det er ikkje beskrive i planskildringa eller nemnt elles enn i føresegna. Slike arealdisponeringar bør avklarest gjennom ein kommuneplan, me er kjende med at Bygland reviderer kommuneplanens arealdel. Det er ikkje kjend om dette er en del av kommuneplanen på noverande tidspunkt.

Kommunen må avklara desse forholda, eller ta areala ut av planen. Dersom kommunen ønsker å gå vidare med dei nye arealinnspela BAA1 og BAA2 og småbåthamn, tilrar me å bruka rettleiarene til Miljødirektoratet. (<https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredninger>) Fylkeskommunen kan hjelpe til med rettleiing dersom kommunen ønsker det.

Automatisk freda kulturminner

Planen utløyer søknad for inngrep i automatisk freda kulturminne. Dette blir behandla i eige vedtaksbrev.

Nyere tids kulturminner/kulturmiljø

Fylkeskommunen har hatt utvida kontakt med kommunen i saka, og me har ingen merknader til planen slik han er ved andre gongs høyring.

Samferdsel

Planen tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til høgdeforskellar i området, langs nokre delstrekningar er det derfor behov for meir areal til fylkesveg. Det er òg behov for å regulera anleggsområde langs delar av fylkesvegane slik at det er mogleg å gjennomføra tiltak i framtida.

Gangsystemet ved kryss riksveg 9 – fylkesveg 3804 er ikkje samanhengande, dette må de sjå nærmare på slik at dei mjuke trafikantane får eit betre tilbod.

I planskildringa er det foreslått regulerande tiltak for trafikken og nedsett fartsgrense. Det er ikkje beskrive om kommunen har vore i dialog med Statens vegvesen som skiltstyresmakt og om det er gitt aksept for 60 km/t, eller om det er gjort trafikkmålingar som viser at dette er det reelle fartsnivået i området. Det er sannsynleg at fartsnivået er 80 km/t på delar av fylkesvegnettet, og der må det regulerast inn større siktsoner. Fylkeskommunedirektøren tilrar at alle kryss/avkjøringar blir regulerte med siksone slik at dette er gjort tydeleg for alle partar.

BAA1 og BAA2 er nye formål sidan planen var på høyring i 2019. Omfang av utbygginga er ikkje gjort tydeleg. Fylkeskommunedirektøren føreset difor at tilkomst til 1450-1452 blir stengd og blir ført inn på underordna vegnett. Det må setja inn symbol for stenging av avkjøring, og føresegne må vere tydelige på når dette kravet slår inn.

Fylkeskommunen har hatt ansvar for fylkesvegnettet sidan 01.01.20. Tekst i føresegna 4.2.1 må difor endrast.

Me gjer merksam på at delar av omsynssone H730_2 ligg i eksisterande veg. Denne konflikten vil bli behandla i same brev om automatisk freda kulturminne. Endringar i plankart og

føresegnene må gjennomførast før planvedtak, slik at det ikkje blir konfliktar knytte til framtidig drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

Med helsing

Ingvild Nina Skjøngh
Avdelingsleiar
Plan

Ingunn Dahlseng Håkonsen
Rådgjevar
Plan

Brevet er godkjend elektronisk.

Kopi til: STATSFORVALTEREN I AGDER
STATENS VEGVESEN